

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

c/o Viken Skog, Serviceboks 50, 3504 Hønefoss
Tlf.32103000, Faks 32103001

HG-NYTT
Nr.3 Juni 2005
Red. Nils Bjørn Vistad

1. Mobiltelefoni på Hardangervidda

Etter Telenors avvikling av NMT-450-nettet 03.01.05, vart som kjent lisensen seld vidare til det svenske selskapet Nordisk Mobiltelefon AB. Dei satsar på ein amerikansk mobilteknologi, CDMA 2000.

Teleavisa, www.teleavisen.no, meldte nyleg at 55 basestasjonar er nå klar for uttesting, spredd frå Kristiansand til Alta. Når nettet blir opna kommersielt i september, skal 350 stasjonar vera i drift.

Det synes så langt uråd å få noko avklaring på kva selskapet tenker seg i fjellheimen. Å få overta stasjonane til Telenor er mindre truleg, sidan selskapa konkurrerer i det same markedet samla sett. NM AB seier dei må ha 20 abonnemeter pr. km² for økonomisk bærekraftig drift...

Kan hende satellittelefonien likevel blir sigrande. Fremste aktørar i dag er truleg Ericsson og Nokia. Trass leiting på nettet fant ein ikkje detaljer på Nokia. Her er i alle fall eit døme frå Ericsson, som HG har innhenta informasjon om (som eit døme):

Satellittelefon Ericsson R290

Kombinert GSM og satellittelefon i Globalstarsystemet. Sett inn det vanlege SIM-kortet frå Netcom eller Telenor og ring på satellitt når du ikkje har GSM-dekning.

Ca.kr.13.50 pr. min på satellitt, kr.2,50 pr. SMS. Ingen andre kostnader enn det vanlege abonnementet.

Dekning over det meste av verda (dekningskart på nettet).

Storleik: 162x62x39 med mer.

Vekt: 350 gr.

Batterikapasitet: 1,5-8 timar snakketid, 6-120 timar standby (4 graderingar).

Pris inkl. 220V-ladar og 3 batteri: kr.4.000 + mva. 12V-ladar kr.500 + mva.

Leveringstid: Ca 14 dgr.

Kontakt: Mikkel Aanderaa, Møsstrond, 3864 Rauland

Tlf. 35 07 42 11, 913 03 303

E-post: mikkel@varmevoll.no

Nettside: www.varmevoll.no/telefon

Leiar: Johan Vaa, 3864 Rauland. Tlf.priv/arb/faks: 35 07 32 08 Mobil: 994 59 470

E-post: johan.vaa@Gjensidigenor.no

Sekretær: Nils Bjørn Vistad, Viken Skog, Serviceboks 50, 3504 Hønefoss. Tlf: 32 10 30 00 Faks: 32 10 30 01
Mobil: 900 33 113 E-post: nils.bjorn.vistad@viken.skog.no eller nils.bjorn.vistad@c2i.net

2. Oppsynskurs

Oppsynskurset på Brøstrud 10.-11.juni vart avlyst grunna svak påmelding. Viktige årsaker til dette var vel helst både sein invitasjon og uhøveleg tid.

Ein arbeider nå med planer om å ta saka oppatt i samband med haustmøtet, kanskje la dette bli den faglege delen av møtet, i samarbeid med dei andre aktørane på haustmøtet. Programmet vil i så fall bli om lag det same.

3. HG vil bli meir synleg

Styret vil at Grunneigarsamskipnaden skal ha ein meir aktiv utagering når aktuelle saker og innspell kjem opp på dagsorden. Særleg vil dette gjelde mediene (spes. avisene), og i fyrste rekke dei lokale og regionale.

For å greie dette er vi avhengig av at medlemmer som kjem over ting og forhold av interesse vidareformidler dette til næraste styremedlem eller sekretariat. Det seier seg sjølv at det må dreie seg om saker som gjeld grunneigeranes interesser opp mot forvaltning og bruk av ressursane på Hardangervidda.

Styret:
Johan Vaa, Vinje, tlf.35 07 32 08, 994 59 470
Harald Bu, Ullensvang, tlf. 53 66 39 79, 906 52 777
Ove Løyning, Odda, tlf. 53 64 39 95, 402 33 420
Kit Hedegart Flaata, Nore og Uvdal, tlf.32 74 37 91, 901 81 993
Jonny Marumrud, Tinn, tlf. 35 09 74 22, 950 01 495
Anve K. Myklatun, Eidfjord, tlf. 53 66 5954, 901 33 376
Emil Steira, Hol, tlf. 32 09 37 62, 924 54 574

*Mange vil at HG skal vera meir offensive.
 Då må vi også forvente at medlemene hjelper til med det, når det gjeld
 lokale saker!
 Ta initiativ,- og dytt "ballen" over til Styret
 Etter på kan de etterlyse kva som er gjort!*

God Sommar !

